

## Notat

**Til:** Fylkesutvalet og Hovudutval for plan og næring

**Frå:** Fylkesrådmannen

### Notat til fylkesutvalet om engasjement innan petroleumssektoren

Fylkesutvalet bad i sak 28/14 om følgjande: «Fylkesutvalet ønskjer eit notat om korleis fylkeskommunen, gjennom ulike selskap, råd, nettverksorganisasjonar, foreiningar med vidare, gjennomfører sine oppgåver innan petroleumssektoren.»

Notatet har som føremål å gje ein oversikt over det engasjement fylkeskommunen har innan petroleumssektoren. Følgjande organ og aktivitetar vert omtala i notatet:

Råd	Petroleumsrådet
Nettverksorganisasjonar, foreiningar	Norsk Gassforum Norsk Petroleumsforening* Maritim forening Sogn og Fjordane* NCE Subsea
Selskap	Botnaneset Industriselskap AS Gulen og Masfjorden AS Lutelandet Utvikling AS Luna Industri AS**
Konferansar og messer	Vekst i Vest ONS OTC

\* «Indirekte» engasjement

\*\* I grenseland i høve petroleumssektoren

#### Petroleumsrådet

Tidlegare hadde vi oljeutvalet som eit underutval under det som no heiter Hovudutval for plan og næring. Dette vart lagt ned. Etter ei tid kom det initiativ om å løfte fram att petroleum som eit satsingsområde. Petroleumsrådet vart oppretta etter å ha sondert i høve liknande konstruksjonar i nabofylka. Eitt sentralt poeng var politisk forankring på høgt nivå.

Reglementet for petroleumsrådet vart fastsett av fylkestinget i sak nr 12/05. Petroleumsrådet har følgjande mandat:

«Arbeide for å styrke industriell utnytting av olje- og gassressursane i Sogn og Fjordane. Petroleumsrådet skal halde seg oppdatert om utviklinga innan olje- og gassektoren og ha særleg fokus på:

- Feltutbyggingar
- Ilandføring
- Industriell utnytting av gass på land
- Florø som drifts- og baseby
- Konesjonsrundar

- Arbeide for å styrke Sogn og Fjordane som serviceleverandør til oljeindustrien i norsk og engelsk sektor.

Petroleumsrådet skal representere fylket i høve kontakt med oljeselskap, styresmakter og andre.» Medlemmer i rådet er Åshild Kjelsnes (leiar), Bengt Solheim-Olsen (nestleiar), Hilmar Høl, Vigdis Wiik Jacobsen og Harald Ynesdal. Fylkesrådmannen har ansvar for sekretariatet, som er lagt til næringsavdelinga.

Petroleumsrådet legg vekt på tett kontakt både med sentrale styresmakter og med operatørselskapa og næringslivet elles. Rådet er tiltenkt ansvar for oppfølging av saksfeltet i verdiskapingsplanen. Betre informasjon på heimebane (mellom anna til fylkespolitikarane) er peika på som eit forbetningsområde.

### Botnaneset Industriselskap AS

Føremålet til selskapet er å leggje til rette for næringslivet i Flora-regionen, ved t.d. å skaffe, leggje til rette og selje, eventuelt leige tomter til næringsføremål. Spesielt ved å legge høva til rette for ei vidareutvikling av den olje- og gassretta verksemda i regionen, bl.a. ved deltaking i høyringsrundar og politiske prosessar. Selskapet kan også oppføre, skaffe og selje bygningar, anlegg og utstyr.

Aksjonærer:	# aksjar	% AK	Kommentar
Fjord Base AS	148	92,5	B-aksjar
Sparebanken Vest	5	3,13	
Sparebanken Sogn og Fjordane	5	3,13	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	1	0,63	A-aksjar
Flora kommune	1	0,63	A-aksjar

Fylkestinget vedtok i sak 37/13 å delta i strategiprosessen og å vidareføre eigarskapen inntil vidare. For fylkeskommunen sit Karen Marie Hjelmeseter og Åshild Kjelsnes i styret.

### Gulen og Masfjorden Utvikling AS

Føremålet til selskapet er å legge til rette for auke næringsverksemd i Gulen og Masfjorden kommunar. Selskapet skal ved vere ein pådrivar og koordinator for private aktørar og medverke til etablering av lønsame arbeidsplassar i distriktet. Selskapet skal vidare vere ein koordinator for offentlege midlar til næringsarbeid og vere ein pådrivar for at næringslivet skal få ei god kunnskaps- og teknologisk utvikling. Selskapet kan drive kjøp/sal og ha anna verksemd i samband med dette. Selskapet kan delta i andre selskap med liknande verksemd. Selskapet skal ha eit nært samarbeid med Gulen/Masfjorden Næringsråd.

Aksjonærer:	# aksjar	% AK
SIVA	5113	24,79
Sogn og Fjordane fylkeskommune	4625	22,42
Gulen kommune	4444	21,55
Masfjorden kommune	4443	21,54
Hordaland fylkeskommune	2000	9,37

I styret representerer Bjørn Falck Russenes fylkeskommunen. Fylkestinget vedtok i sak 37/13 å vidareføre eigarskapen i Gulen og Masfjorden Utvikling AS.

### Lutelandet Utvikling AS

Føremålet til selskapet er å arbeide for utnytting av Lutelandet som industriføremål.

Aksjonærer:	# aksjar	% AK
Sogn og Fjordane fylkeskommune	768	48
Fjaler kommune	544	34
Solund kommune	96	6
Askvoll kommune	96	6
Hyllestad kommune	96	6

Frå fylkeskommunen sit Karen Marie Hjelmeseter og Audun Erik Sunde i styret. Lutelandet Utvikling eig 100 prosent av aksjane i Lutelandet Eigedom. Styresamansettinga i selskapa er lik. Fylkestinget vedtok i sak 37/13 å vidareføre eigarskapen i Lutelandet Utvikling AS.

## Luna Industri AS

Føremålet til selskapet er utvikling knytt til industriell utnyttning av anorthosittressursar samt dertil tilhørende verksemd. Dette er i utgangspunktet ikkje petroleumsrelatert. Grunnen til å vise til selskapet i denne samanheng, er at det i lang tid har vore peika på mogleg foredling av anorthositt til aluminiumsråstoff. Energibruk og CO<sub>2</sub>-handtering er ei mogleg grenseflate, som ved eit teknologigjennombrøt kan representere industrielle moglegheiter.

Aksjonærar:	# aksjar	% AK
Sogn og Fjordane fylkeskommune	194000	65,99
Luna Mineral AS	100000	34,01

Fylkestinget vedtok i sak 37/13 å vidareføre eigarskapen i Luna Industri AS. Det vert vist til at det ikkje er funne eigna kjøparar. Stig Vattekar representerer fylkeskommunen som styreleiar.

## Norsk Gassforum

Føremålet for Norsk Gassforum er slik formulert på <http://gassforum.no/>.

«Norsk Gassforum har som formål å fremme bruk av gass i Norge. Dette skal oppnås ved å arbeide for:

- Gode rammevilkår for næringen
- Informasjon og kompetanse om naturgass og biogass som miljøvennlig råstoff og energikilde
- Samarbeid og aktiv nettverksbygging med sikte på kompetanseoppbygging og teknologiutvikling
- Internasjonalt samarbeid»

Fylka langs kysten frå Telemark til Finnmark er medlemmer i Norsk Gassforum. Jenny Følling representerer Sogn og Fjordane i styret, med Bjørn Hollevik og Audun Erik Sunde som høvesvis første og andre vararepresentant. Sunde har elles møterett som sekretær frå fylket. Leiarskapen i Norsk Gassforum ruller mellom medlemene. For tida har Hordaland leiinga.

## Norsk Petroleumsforening (NPF)

NPF ([www.npf.no](http://www.npf.no)) er ein landsdekkande medlemsorganisasjon for personlege medlemmer. NPF har 13 lokalavdelingar. Audun Erik Sunde har i mange år vore leiar av lokalavdeling Sogn og Fjordane. Møta er svært relevante i forhold til informasjonsflyt og nettverksbygging, og aktiviteten er naturleg å nemne, sjølv om representasjonen er personleg og ikkje organisatorisk.

## Maritim forening Sogn og Fjordane

Maritim forening Sogn og Fjordane (<http://maritimsfj.no/>). På heimesidene omtalar foreininga seg slik:

«Maritim Forening Sogn og Fjordane er ei interesseforeining for maritime og offshorerelaterte verksemdar i Sogn og Fjordane. Vi har 61 medlemsverksemdar som er lokalisert i 14 av fylket sine 26 kommunar... Vi skal fremje interessene til medlemmane gjennom aktivitetar og tiltak innan nettverksbygging, synleggjering, rekruttering og opplæring, samt styrke innovasjon- og konkurransevne slik at medlemsverksemdene kan realisere auka verdiskaping.»

Fylkeskommunen er ikkje engasjert i foreininga. Sidan foreininga er tiltenkt og ønskjer ei sentral rolle i verdiskapingsplanen knytt til leverandørutvikling, er det likevel naturleg å synleggjere organisasjonen i denne samanhengen.

## NCE Subsea

NCE står for Norwegian centre of expertise. NCE Subsea (<http://www.ncesubsea.no/>) er oppretta rundt subeamiljøet på Ågotnes utanfor Bergen, og er anerkjent som ei vellukka satsing. Organisasjonen er no i ferd med å etablere nodekontor andre stader i landet. Florø vart første avleggar, med offisiell opning 22. april 2014. Gjennom finansiering frå petroleumsrådet og Flora kommune, er det no lagt ei halv stilling til Maritim forening Sogn og Fjordane over ein periode på tre år.

## Konferansar og messer

Fylkeskommunen har hatt ei sentral rolle i **Vekst i Vest**-konferansen som no har vorte arrangert tre år på rad, sist med nær 300 deltakarar. Ny konferanse er planlagt i Florø 13. november 2014. Tilbakemeldingane frå deltakarane tilseier at dette blir oppfatta som ein viktig møteplass.

**ONS** ([www.ons.no](http://www.ons.no)) er rekna som den størst viktigaste møteplassen innan petroleumsnæringa i Noreg. Fylkeskommunen har ytt monaleg støtte til fylkesstand i samband med denne messa sidan 2004 (arrangement kvart andre år). Motivet har vore å redusere inngangsbilletten for verksemder frå Sogn og Fjordane.

Det amerikanske svaret på ONS (men i endå større skala) er den årlege **OTC**-konferansen (og – messa, sjå <http://www.otcnet.org/2014/>). Fylkeskommunen har hatt utsendingar her dei siste åra.